



# Kvar dag tel

Rettleiar for skulenærvær  
Skjåk kommune

Skjåk kommune 2022

---

# Innhald

Del 1 Kva er skulefråvær?	2
Teoretisk blikk på skulefråvær – ei kort innføring	3
Del 2 Korleis førebygger vi fråvær?	6
Del 3 Korleis handterer vi bekymringsfullt fråvær?	8
Del 4 Lovverk	9
Del 5 Verktøy og vedlegg	10
Vedlegg 1: Tiltakstrapp	10
Vedlegg 2: Fråværestabell	11
Vedlegg 3: Steg for steg	11
Vedlegg 4: Forenkla kartleggingsskjema	13
Vedlegg 5: Møtemal i saker med alvorleg skulefråvær	14
Vedlegg 6: Kartleggingsskjema 6 – 10 år	15
Vedlegg 7: Årsakskartlegging – bekymringsfullt fråvær	16
Vedlegg 8: Tiltak i samband med bekymringsfullt / alvorleg skulefråvær	19
Kjelder	26

# Rettleiar for skulenærvær

## Del 1 – KVA ER SKULEFRÅVÆR?

Høgt skulenærvær og trivsel på skulen, beskyttar elevar mot psykisk uhelse og aukar den enkelte si sjanse til å gjennomføre vidaregåande utdanning. Elevar som er vande til å stå opp kvar morgon, gå på skulen og ikkje minst halde ut gjennom dagen, vil få ein "skulekondis" som dei vi dra nytte av vidare i livet. Når eit barn ikkje kjem seg til skulen, eller om det ikkje klarar å vera der, er dette ei utfordring som må eigast av både skule og føresette. Høgt skulefråvær gjev fleire negative fylgjer, og når fråværet varar over tid, kan det vera ressurskrevjande å snu, både for eleven sjølv og for dei rundt.

Det finst i dag ingen nasjonale retningslinjer for oppfylging av alvorleg skulefråvær i grunnskulen, og det er derfor opp til kvar enkelt kommune og skulen korleis ein handterer dette. Denne rettleiaren er meint å sikre at elevar får rett hjelp til rett tid dersom dei skulle få bekymringsfullt skulefråvær. Vi meiner skulenærværet vil gjera dei meir robuste og betre rusta til å møte utfordringar.

### Definisjon – fråvær

*"Fravær fra undervisningen og det sosiale fellesskapet i skolen, gyldig eller ugyldig, av et omfang/ en hyppighet som medfører bekymring knyttet til elevens faglige utvikling, samt elevens sosiale tilhørighet og utvikling."*

Jo Magne Ingul, 2011

### Gyldig og ugyldig fråvær

Det kan vera fleire grunnar til fråvær; sjukdom, skulk, føresette som held eleven borte frå skulen, feriar med eller utan søknad om permisjon, osv. Når vi snakkar om skulefråvær, brukar vi gjerne omgrepa gyldig og ugyldig fråvær. I hovudtrekk er gyldig fråvær sjukdom, innvilga permisjon eller fråvær som kjem av årsaker ein ikkje rår over. Ugyldig fråvær er fråvær som ikkje er dokumentert verken av føresette eller andre myndigheitspersonar. Den allmenne bruken av begrepet skulk, altså at eleven er borte frå skulen utan at føresette sin viten og samtykke, fell inn under kategorien ugyldig fråvær.

Tradisjonelt sett har ein tenkt at det mest bekymringsfulle fråværet er det ugyldige, men i dei seinare åra har forskning vist at fråværet får like alvorlege konsekvensar uavhengig om det er gyldig eller ugyldig. Ein elev som er mykje fråverande på grunn av dokumenterte fysiske eller psykiske lidingar, kan få like alvorlege konsekvensar som eleven som skulkar. Det er derfor viktig at vi gjev alle elevar tidleg og god hjelp ved bekymringsfullt fråvær.

### Omgrepsavklaring

I denne rettleiaren er omgrepa *bekymringsfullt* og *alvorleg skulefråvær* brukt. Bekymringsfullt fråvær blir definert av Ingul (sjå over), og set lista for når vi som arbeider med elevar, må handle.

Jo Magne Ingul er psykolog og ein av dei fremste praktiskarane og forskarane på området skulefråvær i Noreg i dag. Hausten 2014 disputerte Ingul over avhandlinga "Anxiety an Social Phobia in Norwegian Adolescents: Studies of risk factors, school absenteeism and treatment effects". Ingul vann utmerkinga "årets doktorgrad" under Psykologikongressen 2015 for arbeidet sitt om samanhengen mellom skulefråvær og psykisk helse.

Når fråværet blir høgt og varer over tid, kallar vi det *alvorleg skulefråvær*. Når fråværet varer over tid, blir det etablert som eit mønster som det seinare kan bli vanskeleg å endre (Kearney 2008, Sållmann 2010, Thambirajah 2008). Omgrepet *skulevegring* er gjennom dei siste åra også brukt om slikt fråvær. Etter kvart har ein vorte meir forsiktig med å bruke denne merkelappen.

I Skjåk ser vi på bekymringsfullt fråvær som:

1. 10% fråvær (gyldig eller ugyldig)
2. 10 enkelttimar i ein termin
3. Gjentakande forseintkomingar

## Teoretisk blick på skulefråvær – ei kort innføring

### Forekomst

"Inntil 28% av barn i skolepliktig alder har kortere eller lengre periode med skulevegringsatferd i løpet av sine opplæringspliktige år" (Kearney, 2001). Ei omfattande undersøking på ungdomssteget i ein større norsk kommune melder at 1,3% av elevane er borte meir enn 50% av tida. 2,9% av elevane er borte mellom 25 og 50% tida (gyldig og ugyldig) (Sållmann, 2010). Minst 22 000 barn er borte frå grunnskulen i meir enn ein måned i året (Utdanningsnytt, 2018). I Danmark viser ein til at 14,7% av elevar i grunnskulen har meir enn 10% fråvær (Berthelsen m.fl. 2019).

### Kven blir ramma av alvorleg skulefråvær?

Alvorleg skulefråvær oppstår uavhengig av økonomisk bakgrunn, kjønn og rase. Barn og ungdom med alvorleg skulefråvær er også jamt fordelt over heile det evnemesssige spekteret. Lærevanskar utløyser ikkje nødvendigvis alvorleg skulefråvær, men barn som er mykje borte frå skulen, får oftast store faglege hol og vanskar med å fylgje den faglege progresjonen. Alvorleg sjukefråvær kan utvikle seg gradvis eller oppstå plutselig (Ingul 2016, Havik 2015). Forsking viser att barn med autismeforstyrningar oftare strevar med alvorleg skulefråvær (Munkhaugen, 2019). Gjennom ei undersøking blant norske elevar fann Lysne (1996) at fenomenet hadde størst hyppigheit blant 11 – 13-åringar. Langvarig og alvorleg skulefråvær kan oppstå i heile skuleløpet, men har auka risiko ved skulestart og i overgang til ungdomsskule, ved flytting og skulebyte, eller etter lengre feriar og sjukefråvær.

### Årsaker – eit heilskapleg perspektiv

Det kan vera fleire årsaker til at enkelte elevar utviklar alvorleg skulefråvær og problematikken er som regel samansett (Ingul, 2014). Vi veit at årsakene til alvorleg skulefråvær er både individuelle, relasjonelle og strukturelle, og ofte kan dei ikkje skiljast tydeleg frå kvarandre. Når ein elev ikkje ynskjer eller ikkje greier å vera på skulen, er dette eit symptom på at noko er vanskeleg. Vanskane kan vera på mange nivå:


- Individ: t.d. nevrobiologisk sårbarheit, traume, psykisk eller fysiske lidingar, rusproblematikk, lærevanskar etc.
- Familie: som t.d. konflikt i familien, manglande struktur, sjukdom, dysfunksjonell kommunikasjon, endringar i familiesituasjon, vald eller rusmisbruk.
- Sosialt: som t.d. problem i forhold til venner / mangel på venner, mangel på å høyre til, mobbing etc.
- Skule: som t.d. hyppig lærarbyte, høgt lærarfråvær, manglande struktur og forutsigbarheit, dårleg klasse miljø, ikkje tilpassa opplæring etc.
- Lokalmiljøet: som t.d. subkulturelle trendar og haldningar til skule, nærmiljø med lite rom for det å vera annleis etc.
- Samfunnsmessige og kulturelle forhold: som t.d. sterkt fokus på prestasjon, "generasjon perfekt"

I kvar sak er samansetningane av utfordringar unik. Det er viktig at utfordringane blir sett på frå eit heilskapleg perspektiv, framfor å leite etter forklaringar på individnivå – i eleven. Eksempelvis kan det vera store konflikter mellom skilde foreldre i kombinasjon med svak sosial tilknytning til jamaldrande som saman bidreg til høgt skulefråvær. I ei anna sak kan det vera utfordringar som låg grad av fagleg meistring i kombinasjon med søvnproblem og spesifikke helseplager som resulterer i at eleven kjem for seint eller ikkje kjem seg på skulen.

Skulefråvær er å sjå på som eit symptom på noko som er vanskeleg i livet til barn og ungdom.

### Den onde sirkel

Fråvær frå undervisning og det sosiale miljøet på skulen kan ofte føre til fleire typar problem slik som vist i modellen under. Problem som følgjer fråværet, utløyer igjen meir fråvær, og slik hamnar eleven i ein ond sirkel av aukande fråvær (Thambirajah, 2008)



### **"Kvar dag tel" – tidleg innsats**

Når det kjem til skulefråvær, er det slik at kvar dag tel. "Konsekvensen av fravær er kumulativ" (Ingul, 2016). Fråværsvaner er vanskeleg å endre dersom dei har fått utvikla set over tid og kan i verste fall resultere i totalfråvær og i neste ledd fråfall /dropout. Det er derfor avgjerande at bekymringsfullt fråvær blir oppdaga tidleg og at ein raskt set i gang med tiltak for å auke nærværet. Tiltaka må tilpassast kvar elev individuelt. Dette er bakgrunnen for at Skjåk kommune har pålagt seg sjølv handlingsplikt med 10% fråvær.

### **Konsekvensar av fråvær – for individ og samfunn**

For mange elevar startar fråværet som ei "ubetydeleg" bekymring, men utviklar seg over tid til eit alvorleg problem. Elevar som er mykje borte frå skulen, opplever på kort sikt tap av undervisning og læring, tap av sosialt samspel og utvikling, tap av meistring og tap av motivasjon. På lang sikt ser ein at alvorleg fråvær fører til auka risiko for tap av opplæring / utdanning, psykisk uhelse, sosial isolasjon, marginalisering, utanforskap og rus.

Både norsk og internasjonal forskning fortel om stor samanheng mellom alvorleg skulefråvær og fråfall i vidaregåande opplæring. Førebygging av fråfall i vidaregåande skule må starte tidleg, for fråværsmonsteret kan i mange tilfelle fylgjast heilt ned i barneskule og barnehage. Dette kostar samfunnet store summer kvart år, i tillegg til å utgjera ei stor belastning for det enkelte individ og deira omgjevnader. "Frafall reduserer mulighetene til jobb og øker sjansen for uføretrygd og et voksenliv utenfor arbeidslivet. Frafall øker sjanse for dårligere levekår og helse gjennom hele livet" . ("Gull av gråstein", Hernes 2010).

I fylgje Falch, Johannesen og Strøm (2009) vil den økonomiske gevinsten av å redusere fråfall med ein tredjedel vera på om lag 5,4 milliardar pr. årskull. Dette er kunn dei økonomiske besparingane for samfunnet. I tillegg kjem gevinsten for det enkelte individet i form av styrka helse, auka livskvalitet og deltaking i samfunnet.

## Del 2 – KORLEIS FØREBYGGER VI FRÅVÆR?

### Fråværsføring og fråværsoversikt

Fråværsføring er eit viktig element i førebygging av fråvær. Alle lærarar i Skjåk kommune er forplikta til å **registrere fråvær digitalt kvar dag**. Kontaktlærarane skal til kvar tid vite kva for elevar som nærmar seg 10% fråvær, 10 timars fråvær eller fråvær i form av gjentakande forseintkoming. Med presis føring kan ein til kvar tid ha korrekt fråværsoversikt. Leiinga ved skulen skal kvar månad gå gjennom det totale elevfråværet for å sikre at rutinar for oppfylging blir følgd. Rektor skal to gonger pr. termin rapporterer bekymringsfullt fråvær til kommunalsjef.

### Skule- og læringsmiljø

Læringsmiljøet på skulen er svært viktig med tanke på å førebyggje fråvær og fremja nærvær. Den overordna kulturen på skulen både påverkar og blir påverka av korleis elevane trivst og kor gode relasjonar det er mellom lærar og elev. I ein positiv skulekultur ser ein at lærarar og elevar bryr seg om og støttar kvarandre, samstundes som lærarane er gode rollemodellar for elevane. Dei har felles verdiar, normer og mål, og alle på skulen føler tilhøyre til desse (Barr og Higgins-D'Alessandro, 2007). Elevar i ein god skulekultur der lærarane er opptekne av å sjå kvar enkelt, motivere og vera tydelege leiingar, vil i større grad trivast og vera meir motiverte for å vera på skulen. Læraren sin kompetanse innan klasseleiing og relasjonsbygging er svært viktig for klassemiljø og trivsel. Ein positiv og god klassekultur med ein trygg og god klasseleiar er derfor viktige førebyggjande faktorar for fråvær (Havik, 2015). Skulen i Skjåk har hatt fokus på arbeid med inkluderande skulemiljø, og relasjonsarbeid har vore ein del av dette. Vi vil at skulen i Skjåk skal vera ein stad der eleven trivst, føler seg sett, blir høyrtd og opplever å vera ein viktig aktør i fellesskapet.

### Kunnskap om informasjon om nærvær og fråvær

Alle tilsette skal ha tilstrekkeleg kunnskap til å kunne fylgje opp bekymringsfullt og alvorleg fråvær. Dei tilsette i skulen skal vite kvifor og korleis vi arbeider for nærvær i skulen i Skjåk.

Elevar og føresette skal også ha kjennskap til skulen sin rettleiar for skulenærvær. Dei skal vera godt kjende med skulen sine retningslinjer og kva som blir forventat frå heimen si side. I Skjåk vil vi operere med ein høg terskel for å vera heime frå skulen. Vi ynskjer at elevar skal vera på skulen så lenge dei ikkje har feber eller oppkast. Dei føresette skal vera trygge på at vi kan tilrettelegge skuledagen for eleven sjølv om vedkomande er litt slapp eller har sår hals. Ofte går magesmerter eller hovudverk over når ein får kome i gang med skuledagen. Men dei skal også vera trygge på at vi tek kontakt med heimen dersom eleven faktisk er sjuk. Når elev og familie er godt informerte om bekymringsgrensen, vil ei innkalling til samarbeidsmøte ikkje opplevast som noko negativt, men bli forstått som omsorg for eleven og eit førebyggjande tiltak. Med bakgrunn i dette, er skulenærvær og forventningar knytt til dette, tema på foreldremøte frå 1. – 10. klasse.

### Oppsummering

Ein kan seie det slik at alle tiltak som bidreg til at elevar trivst på skulen og opplever skulekvardagen som meningsfull, med stort sannsyn fremjar nærvær og førebygger fråvær. Kunnskap og informasjon om fråvær, samt tydelege retningslinjer, førebygger forvirring og konflikt. Det førebyggjande arbeidet bidreg til at sårbare elevar som kunne stå i fare for å utvikle alvorleg fråvær,

blir oppdaga tidleg, og det kan hjelpe dei til å bli verande på skulen og får auka moglegheiter til å meistre vidaregåande opplæring.

Trass i godt førebyggjande arbeid vil nokre elevar likevel utvikle bekymringsfullt fråvær, og da må vi handle ut frå kunnskap om at "kvar dag tel".



## Del 3 – KORLEIS HANDTERAR VI BEKYMRINGSFULLT FRÅVÆR?

### Bekymring ved 10% fråvær

Grensa for bekymringsfullt fråvær er sett ved 10% fråvær eller 10enkelttimar. 10% fråvær utgjer ca. 10 fråværsdagar i ein termin. Kontaktlærer må til kvar tid ha oversikt over kor mange dagar 10% utgjer, sjå fråværestabell, vedlegg 2. Dersom ein elev oppfyller eit av kriteria, utløyser det ei bekymring som krev tiltak. Tiltaksrappra skal fylgjast i alle saker, men i mange tilfelle vil ein allereie på første steg i trappa oppleve å få avkrefta bekymringa. Saka vil da naturleg stoppe utan behov for konkrete tiltak. Eksempel på dette kan vera at eleven hadde fått innvilga permisjon i fire dagar og i tillegg fekk både omgangssjuka og influensa i same termin. Gjennom vurdering med elev og føresette, stadfestar kontaktlærer at eleven med alt sannsyn vil ha normalt nærvær vidare.

### Tiltakstrapp

Tiltakstrappa skal fylgjast i alle saker med bekymringsfullt fråvær. Så lenge fråværet held fram med å vera bekymringsfullt, vil saka forsetja oppover i trappa. Arbeidet i ei sak kan berre avsluttast dersom fråværet er under bekymringsgrensa. Dersom ein elev får akutt alvorleg sjukefråvær, må kontaktlærer syrgje for at prosessen fram til trinn 3 eller 4 går raskare.

**Fordi "kvar dag tel", er det svært viktig at fristane i tiltakstrappa blir overhaldne.**



## Del 4 LOVVERK

Denne delen vil gje ei oversikt over ansvarsområde og relevante lovverk for dei instansane som kan vera involverte i arbeid med alvorleg skulefråvær.


Barn og unge har ei lovpålagt plikt til skulegang i grunnskulen. Det er fleire lovverk som er relevante i samband med å sikre at eleven fullfører grunnskuleopplæringa. Fylgjande oversikt vil vise ansvarsområde og relevante lovverk som elev, føresette og skule på forhalda seg til. I tillegg beskriv ein ansvarsområde, relevante lovverk og tilvisingsgrunnlag for dei instansane som kan vera til hjelp og nytte i samband med alvorleg skulefråvær.

	Ansvarsområde	Relevant lovverk
<b>Skule</b>	<p>Barn og unge har rett til offentleg grunnskuleopplæring.</p> <p>Barn og unge har rett til godt skulemiljø for fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal leggje til rette for eit skulemiljø som fremjar læring og trivsel og som er trygt for elevane.</p> <p>Den enkelte elev har rett til tilpassa opplæring og særskilt tilpassa opplæring.</p> <p>Skulen skal høyre og ta omsyn til barnets stemme. Skulen skal syrgje for samarbeid med heimen.</p> <p>Tiltak knytt til alvorleg skulefråvær stiller krav til bl. a, skriftleggjing, grunngjeving, underretning og utredning.</p> <p>Dei tilsette på skulen pliktar å melde frå dersom dei er vitne til at elevar ikkje har det bra på skulen</p>	<p>Opplæringslova § 2-1</p> <p>Opplæringslova § 9a-1 til § 9a-4</p> <p>Opplæringslova § 1-3</p> <p>Opplæringslova § 5-4 Opplæringslova § 20-1 og § 20-3</p> <p>Forvaltningslova § 17</p> <p>Opplæringslova § 9a-3</p>
<b>Heim</b>	<p>Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Føresette kan bli straffa med bøter dersom dei forsømmer dette ansvaret.</p> <p>Føresette har ansvaret for å syrgje for at deira barn får utdanning etter evne og føresetnad.</p> <p>Føresette må søke om permisjon dersom dei ynskjer at elevar skal vera fråverande frå skulen utanom fastsette feriar.</p>	<p>Opplæringslova § 2-1</p> <p>Lov om barn og foreldre § 30</p> <p>Opplæringslova § 2-11</p>
<b>Elev</b>	<p>Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring.</p> <p>Fråvær frå 8. – 10. klasse blir ført på vitnemålet.</p>	<p>Opplæringslova § 2-1</p> <p>Opplæringslova § 2-11 Forskrift til opplæringslova § 3-38</p>

## Del 5 VERKTY OG VEDLEGG

1. Tiltakstrapp
2. "Fråværestabell"
3. Steg for steg – eit støttedokument for lærar
4. Forenkla kartleggingsverktøy
5. Mal for samarbeidsmøte – utarbeida av Silje Hrafa Tjersland
6. Kartleggings skjema 6 – 10 år
7. Årsakskartlegging – bekymringsfullt fråvær
8. Tiltaksbank

### Vedlegg 1: TILTAKSTRAPP



## Vedlegg 2: FRÅVÆRSTABELL

TIDSPUNKT	10% fråvær
15. oktober	ca. 4 dagar
1. desember	ca. 7 dagar
Terminslutt ca. 15. januar	ca. 10 dagar
1. mai	ca. 6 dagar
Terminslutt	ca. 10 dagar

## Vedlegg 3: STEG FOR STEG

### Steg 1: Snakk med eleven og kontakt føresette – så rask som mogleg

Når fråværet nærmar seg bekymringsgrensa, skal kontaktlærar snakke med elev og føresette så raskt som mogleg (gjeld elev frå 5. – 10. trinn). I kors stor grad bekymringa skal drøftast med eleven sjølv, må også vurderast ut frå alder og utvikling. Elevar på ungdomssteget skal alltid inkluderast ved bekymring. Kontaktlærar gjer elev og føresette merksame på at fråværet nærmar seg 10%, og dei vurderer saman om det er nødvendig å koma saman til eit møte. Uttrykk omsorg for eleven og still opne spørsmål. I nokre tilfelle har fråværet ei forklaring som tryggjar kontaktlærar på at det ikkje blir eit vidare problem. I slike tilfelle blir skal avslutta på steg 1. Dersom elev, kontaktlærar og / eller føresette er bekymra for vidare fråvær, fortset prosessen til steg 2.

### Steg 2: Møte med kontaktlærar, elev og føresette – innan ei veke

I dette møtet prøver kontaktlærar, i samarbeid med elev og føresette, å kartlegge situasjonen for å få svar på omstende rundt fråværet. Vurder om nokon frå leiinga skal vera med. Kontaktlærar nyttar forenkla kartleggingsskjema (vedlegg 4). Intensjonen er å finne årsaker til fråværet, samt konkrete tiltak som kan betre situasjonen. Kontaktlærar kan nytte tiltaksbanken (vedlegg 8) som inspirasjon. Tiltaksbanken inneheld mange tiltak som kan hjelpe til med å auke skulenærvær. I møtet skal ansvarsoppgåver fordelast tydeleg. Det kan vera formålstenleg å nytte eige skjema for referat (vedlegg 5). Det er viktig at alle blir delaktige i prosessen gjennom av kvar enkelt har konkrete oppgåver. Dette gjeld både elev, skule og heim. Etter tre veker skal situasjonen evaluerast. Dersom elev, kontaktlærar og / eller føresette er bekymra for vidare fråvær, held prosessen fram til steg 3.

### Steg 3: Vurdere andre hjelpeinstitusjonar

Når tiltak er utprøvd i samarbeid med elev og føresette utan ynskt effekt, skal ein ta opp saka med rektor og kontaktlærar, og dei vil vurdere om andre hjelpeinstitusjonar i kommunen skal koplast på. Eksempel på dette kan ver skulehelseteneste eller tverrfagleg ressursteam. Dett skal gjerast i samarbeid med (elev på ungdomstrinnet og ) føresette. Det er ynskjeleg at (elev og ) føresette er med på eit eventuelt møte i tverrfagleg ressursteam. Intensjonen med møtet er å finne fram til tiltak som kan vera med på å få ein betre

situasjon. I etterkant av møtet avklarar kontaktlærer med elev og føresette kva for tiltak ein skal ta i bruk dei tre komande vekene. Alternativt kan det vera andre blir kontakta, eksempelvis helse eller PPT. Etter tre verker evaluerer ein situasjonen. Dersom elev, kontaktlærer og / eller føresette er bekymra for vidare fråvær. Held prosessen fram til steg 4.

#### **Steg 4: Faste samarbeidsmøte**

Faste samarbeidsmøte skal haldast på skulen og i regi av skulen. Så lenge fråværet blir definert som alvorleg, skal møtefrekvensen vera høg. Ein representant frå leiinga på skulen er med i møta i tillegg til kontaktlærer og andre sentrale samarbeidspartnarar. Aktuelle samarbeidspartnarar kan vera helsesjukepleiar, PPT, fastlege, behandlar, BUP, barnevernstenesta. Dersom eleven går på ungdomssteget, er det viktig at han / ho deltek i møta. Dersom eleven er yngre, bør han / ho delta i delar av møtet tilpassa modning. Det kan vera formålstenleg å involvere ande ressurspersonar i nettverket til eleven, eksempelvis slektningar eller venner. Måla med møta er å fine gode løysingar slik at eleven skal oppnå normalt skulenærvær. Møta held fram til eleven ikkje lenger har bekymringsfullt sjukefråvær.

Avgjerande for gode resultat:

- Tillit mellom elev, skule og heim
- Lytte til eleven sine opplevingar og ynskjer – gje reell moglegheit for påverknad i eiga sak
- Alle tek ansvar og ser på utfordringa som ei felles sak
- Samhandling og godt samarbeid mellom instansar
- Høg møtefrekvens
- Optimisme og pågangsmot
- Kreative løysingar
- Mobilisering av nettverk

**Overordna mål for arbeidet er at eleven skal trivast og vera på skulen i skuletida.**

## Vedlegg 4:

### Forenkla kartleggings skjema – nyttast på steg 2 i tiltakstrappa

Les høgt: Det er skulerett og skuleplikt i Noreg. Det betyr at alle barn har rett til eit skuletilbod, og alle føresette skal syrgje for at eleven kjem på skulen. Når ein elev er mykje borte frå skulen, går han / ho glipp av mykje, både fagleg og sosialt. Vi veit at elevar som har høgt fråvær i grunnskulen, er ekstra sårbare når det kjem til fråfall i vidaregåande skule. Skulen i Skjåk arbeider for at elevane skal ha så høgt nærvær som mogleg, og ved 10% fråvær kallar vi inn til møte. Eleven skal vera sjuk for å kunne vera heime frå skulen. Ei god rettesnor er at eleven blir heime ved feber eller oppkast. Dersom eleven føler seg dårleg, er sliten eller er litt forkjøla, skal han/ho koma på skulen, og vi skal legge godt til rette for at det skal bli ein god dag.

Årsak til fråvær der ofte samansett:

Elev – heim - skule – fritid

Spørsmål til eleven:

(Snakk gjerne med eleven på tomannshand)

- Er det noko på skulen som kan forklare fråværet?
- Er det noko heime som kan forklare fråværet?
- Er det noko på fritida som kan forklare fråværet?

Spørsmål til føresette

- Er det noko på skulen som kan forklare fråværet?
- Er det noko heime som kan forklare fråværet?
- Er det noko på fritida som kan forklare fråværet?

**OBS! Still spørsmål om leggerutinar, søvnvaner, og morgonrutinar i heimen**

## Vedlegg 5: Møtemal i saker med alvorleg skulefråvær

Dato	
Til stades	
Referent	

Problemstilling for møtet:

Bakgrunnsinformasjon ( beskriving av elev, situasjon problem, omfang, ressursar):

Målsetting:

Tidlegare tiltak:

	Tiltak	Evaluering	Ansvarleg
1			
2			
3			
4			
5			

Nye tiltak:

	Tiltak	Evaluering	Ansvarleg
1			
2			
3			
4			
5			

Dato for neste møte: \_\_\_\_\_

Alle som er til stades, signerer på dokumentet

.....

.....

.....

.....

## Kartleggings skjema 6-10 år





## Vedlegg 7: Årsakskartlegging – bekymringsfullt fråvær

For verkeleg å forstå grunnen til at ein elev er mykje borte frå skulen, må ein snakke saman om årsaker. Det er ofte slik at skulefråværet er symptom på ein samansett problematikk, altså at det er fleire grunnar som til saman føret til at eleven er borte frå skulen. God kunnskap om årsaker gjer det mogleg å finne fram til dei beste tiltaka for å oppnå auka skulenærvær.

Til eleven:

Det er du sjølv som sit med den aller viktigaste informasjonen om forklaringar til fråværet. Det er viktig at du er så ærleg du kan i denne samtalen.

Kvar boks skal fyllast ut for seg. Ved å fylle boksen med farge, viser du i kor stor grad kvar enkelt forklaring gjeld for nettopp deg og ditt fråvær. Du kan også tenke at kvar boks er 100% og angje kor mange prosent du tenker boksen er fylt.

NOE PÅ SKOLEN KJENNES VANSKELIG	FYSISK VANSKE/ SYKDOM	PSYKISK VANSKE
HENGER LANGT ETTER FAGLIG	VELGER ANNEN AKTIVITET	VANSKER MED SOSIAL TILHØRIGHE T/ VENNER
PROBLEMER HJEMME	SØVN- PROBLEMER	

#### 1. NOE KJENNES VANSKELIG PÅ SKOLEN

Det er mye som kan være vanskelig for en skoleelev på skolen. Det kan være enkelte fag man misliker eller føler man ikke mestrer. Det kan være at man synes det er vanskelig å snakke høyt i klassen eller misliker store folkemengder slik det ofte blir i skolegården eller kantina. Noen synes det er ubehagelig å vise frem noe foran mange andre, slik man må i kroppsøving. Andre strever med lesing eller med å forstå enkelte fag. For noen elever blir det slik at det som kjennes vanskelig på skolen blir så «stort» at de i perioder ikke klarer å gå på skolen.

Noen elever føler så sterkt ubehag eller frykt for noe på skolen at man kan kalle det «angst». Angsten kan gjøre at du føler deg svimmel og kvalm eller at du får vondt i magen eller andre steder i kroppen. Angsten kan også gjøre at du begynner å svette eller skjelve. Når følelsen ikke er så sterk at vi kan kalle den angst, kan man beskrive det man kjenner som sterkt ubehag. Hvis man har følelse av sterkt ubehag eller angst når man tenker på eller er på skolen kan det føre til høyt skolefravær.

#### 2. FYSISK VANSKE/ SYKDOM

Alle er syke innimellom, så sykdom er normalt og fører til at de fleste elever får litt fravær. Problemet kommer når sykdom og fysiske plager fører til høyt skolefravær. Noen er syke eller *føler seg for syke* til å være på skolen. Det kan for eksempel være at du har så kraftig hodepine at du ikke klarer å konsentrere deg eller at du har så store magesmerter at du ikke klarer å stå opp om morgenen. Noen har kronisk sykdom, sykdom som varer over lengre tid og kanskje livet ut - for eksempel epilepsi eller diabetes. For noen gjør sykdommen det vanskelig eller nesten umulig å være på skolen. For andre kjennes det vanskelig at andre elever blir oppmerksomme på sykdommen fordi de ønsker å holde den skjult. Alle disse beskrivelsene kan føre til høyt fravær. Selv om man har en fysisk forklaring på fraværet er det alvorlig og bekymringsfullt at man går glipp av både læring og sosialt fellesskap på skolen.

#### 3. PSYKISK VANSKE

Det er menneskelig og vanlig å tidvis streve med vanskelige tanker og følelser. Når slike tanker og følelser blir veldig sterke og problematiske, kan man kalle det en psykisk vanske. Psykiske vansker er noe man kan være åpen om eller noe man ikke vil dele med andre. Kanskje har vansken et navn, for eksempel panikkangst, sosial angst, spiseforstyrrelser eller depresjon og du har fått en diagnose av en fagperson. Kanskje har du symptomer på noen av disse lidelsene og lurer på om du skal tørre å si det til noen eller be noen om hjelp? Kanskje har du kuttet deg med skarpe gjenstander når du har hatt det veldig strevsomt følelsesmessig og kanskje gjør du det når du kommer under press. Psykiske lidelser kan ramme alle og i mange tilfeller går det ut over skoleinnsats og skoleoppmøte. Det kan være svært vanskelig å gå på skolen når man har det vanskelig psykisk. For noen elever blir en del av løsningen at man, fremfor å gå på skolen, blir hjemme der man er trygg og slipper å kjenne frykt eller ubehag. Slik kan man også unngå at klassekamerater eller lærere ser at man strever psykisk.

#### 4. HENGER LANGT ETTER FAGLIG

Noen elever føler at de ikke klarer å følge med på det som skjer i enkelte fag eller noen ganger i alle fag. Kanskje lærerne snakker på en innviklet måte slik at det blir vanskelig å få med seg innholdet i undervisningen. Kanskje er det også sånn at man ikke forstår eller får gjort leksene sine, slik at man kommer helt uforberedt til timene og til prøver. Hvis man har vært syk og

borte fra skolen, kan det være vanskelig å ta igjen det man har gått glipp av. Noen lar være å gå på skolen på dager der de har prøver i noe de ikke forstår. En del elever klarer ikke å si ifra når de føler at de «henger etter» og i stedet for å be om hjelp blir de hjemme fra skolen. Når man lar være å gå på skolen fordi man «henger etter», blir man fort hengende enda lengre etter.

#### 5. VELGER ANNEN AKTIVITET

Noen velger å gjøre andre aktiviteter i stedet for å være på skolen. En del av det som skjer på skolen er ikke like spennende for alle og noe på skolen er rett og slett kjedelig. Kanskje du synes det er deilig å være hjemme alene på dagtid, spille dataspill eller se på Netflix i stedet for å gå på skolen? Noen velger å være sammen med venner som også er borte fra skolen.

#### 6. VANSKER MED SOSIAL TILHØRIGHET/ VENNER

Noen går ikke på skolen fordi de ikke føler at de «hører til» blant de andre. Kanskje føler de at de ikke har en eneste venn i klassen eller kanskje ikke på hele skolen. Noen elever opplever at ingen savner dem når de er borte fra skolen. Hvis man har en følelse av at det ikke spiller noen rolle for andre om man kommer på skolen eller ikke, kan det kjennes både vondt og meningsløst å være der. Hvis du vet at du kommer til å bli stående alene i friminuttene er det heller ikke lett å gå på skolen. Noen elever blir plaget eller mobbet på skolen. Dette er svært alvorlig og en veldig forståelig grunn til at man unngår skolen.

#### 7. PROBLEMER HJEMME

Noen har problemer i livet sitt som egentlig ikke handler om skolen, men som gjør at man får høyt skolefravær. Det kan for eksempel være så mye bråk og konflikter hjemme at du blir for sliten til å konsentrere deg om skolen. Kanskje krangler foreldrene dine ofte eller kanskje er det så bråkete om natta at du ikke får sove? Noen opplever store konflikter mellom foreldre etter skilsmisse og lever i en slags «krig» der foreldrene ikke klarer å samarbeide om noe – heller ikke om oppfølging av barnet sitt. Slike situasjoner krever mye av barn og ungdom og kan stjele fokus fra skole og skolearbeid. Noen føler de må bli hjemme for å passe på andre familiemedlemmer (søsken, mamma) fordi de er bekymret for hva som kan skje hjemme dersom de selv ikke er der. Vanskelige familieforhold kan ofte føre til høyt skolefravær.

#### 8. SØVNPROBLEMER

Noen barn og ungdom har problemer med søvn. Det kan for eksempel være at du prøver å sove, men ikke klarer det og blir liggende våken lenge om natta. Eller kanskje du sover veldig urolig, har mareritt og ikke føler deg utvilt når du våkner. Noen spiller, ser film eller nettsurfer om natta og er utslitt om morgenen sånn at de ikke orker å gå på skolen. Andre har snudd døgnnet helt slik at de er våkne om natta og sover om dagen. Når man strever med søvn er det veldig vanskelig å gå på skolen og man kan fort få høyt fravær.

#### 9. ANNEN ÅRSÅK

Det kan også være andre forklaringer til hvorfor fraværet ditt nå er bekymringsfullt. Er det noe du tenker på som ikke vises gjennom «boksene»?

## Vedlegg 8: TILTAK I SAMBAND MED BEKYMRINGSFULLT OG / ELLER ALVORLEG SKULEFRÅVÆR

Denne tiltaksbanken skal vera til inspirasjon for lærarar , elevar , føresette og fagpersonar. Tiltaka må vurderast og tilpassast den enkelte elev og hans/hennar utfordringar. Det er hensiktsmessig å gjennomføre ei kartlegging av årsaker til fråværet (pkt 1) for å finne rette tiltak. Mange av tiltaka er berre tenkt nytta i ein avgrensa periode. Ulike type lette kan vera viktige, men ein må samstundes syrgje for at eleven stadig strekker seg etter nye mål ut frå eigne føresetnader. Det er viktig å oppretthalde eit mål om "normal skuledeltaking" og syrgje for at alle rundt eleven jobbar saman mot dette målet.

1. ÅRSAKSKARTLEGGING
2. EKSPONERING
3. TILBAKEFØRING
4. SAMTALER OG RETTLEIING
5. STRUKTUR OG FORUTSIGBARHEIT
6. TILPASSING AV KRAV I SAMBAND MED EVALUERING OG ARBEIDSBYRDE
7. TILPASSING I SAMBAND MED SOSIAL EVALUERING
8. STYRKE VAKSENRELASJONAR
9. STYRKE JAMNALDRINGSRELASJONAR
10. STYRKE KLASSEMILJØ OG KULTUR
11. FORSTERKING
12. OVERGANGAR

### 1. ÅRSAKSKARTLEGGING

- Kartlegge årsaker til fravær sammen med elev (se vedlegg 4, 6 og 7)
- Kartlegge foresattes og skolens (eventuelt andre instansers) forklaringer på fraværet.

Kartlegging av årsaker, både utløsende og opprettholdende, gir viktig informasjon med tanke på å velge riktige tiltak. Det er allikevel viktig at noen tiltak iverksettes allerede fra første dag slik at kartleggingsprosessen ikke står til hinder for handling. Her er eksponering for skole/ skolesituasjoner et svært viktig tiltak.

### 2. EKSPONERING

- Gradvis eksponering/opptrapping ved tilbakeføring til skolen
  - Besøke skolegården utenom skoletid
  - Besøke gymsal/kantine/ toalett (steder som utløser ubehag) utenom skoletid
  - Møte kontaktlærer i klasserommet utenom skoletid
  - Møte opp på skolen og gjøre skolearbeid på eget rom
  - Kun delta i liten gruppe i en overgangsperiode
- Starte med det som kjennes overkommelig, som for eksempel kun å delta i utvalgte favorittfag i startfasen
- Gradvis eksponering for situasjoner eleven opplever som ubehagelige, for eksempel prøvesituasjoner, situasjoner der man må snakke høyt i klassen, kroppsøving osv.

### 3. TILBAKEFØRING

- Veilede og trygge foresatte i at det beste for eleven er å være på skolen
- Sørge for at skolesituasjonen virkelig er trygg for eleven
- Tilby foresatte (og elev) informasjon om angst og eksponering (koble på psykisk helse her)
- Gradvis tilbakeføring etter individuelt tilpasset plan – planen må være konkret og målbar
- Eleven med på råd. Eleven kommer med ideer til løsninger og kjenner på gjennomslagskraft i egen sak
- «Kontrakt» - alle involverte voksne undertegner kontrakt for å stadfeste at de er enige om tilbakeføringen (se vedlegg 5, møte-mal)
- «Blanke ark» - dersom eleven har mange anmerkninger eller store mangler når det kommer til krav og innleveringer, kan det være fordelaktig å sette strek over alt eller deler av dette og slik gi eleven en «frisk start». Dersom eleven opplever arbeidsmengden eller situasjonen som uoverkommelig, er det vanskelig for ham/ henne å motiveres til en tilbakeføring.
- Innføre faste kveldsrutiner og begrensning av elektronikk i soveperioden (eks. «sovehotell» for mobiltelefon).
- Innføre faste morgenrutiner
- Oppmuntring om morgenen (telefonsamtale eller tekstmelding fra skolen/andre)
- Følge elev til skolen i avgrenset periode (venner, foresatte, slekt, kommunalt ansatt)
- Kjøring til skolen (foresatte, slekt, kommunalt ansatt)
- Aktivere elevens/ familiens nettverk gjennom familieråd
- Eleven blir møtt i skolegården (av lærer eller annen skoleansatt) eller på annet avtalt sted og får følge til klasserommet
- Miljøskapende tiltak på skolen/ i klassen om morgenen («åpen kantine», «åpent klasserom»)
- Hyppige oppfølgingsmøter i tilbakeføringsfasen
- Forsterkning - eks. tegnøkonomi (se eget punkt)
- Daglig «sjekkpunkt» med fortrolig voksen ( gjerne ved oppstart)
- Daglig kontakt mellom skole/ hjem
- Rask respons dersom elev eller andre ikke følger planen
- Konsekvenser for elev dersom hen ikke følger planen. Eksempelvis at TV, internett og mobil ikke er tilgjengelig i skoletiden dersom eleven blir hjemme
- Støtte foresatte gjennom å tilby veiledning i tilbakeføringsperioden slik at de klarer å «stå i situasjonen» med grensesetting, konsekvenser og alt en tilbakeføring innebærer
- Dersom barneverntjenesten er inne i saken; foreldreveiledning rundt temaet skolefravær.

#### 4. SAMTALER OG RETTLEIING

- Faste samtaler med kontaktlærer
- Faste samtaler med helsesøster/ rådgiver/ psykisk helse
- Motiverende samtaler med utvalgte faglærere, kontaktlærer eller rådgiver
  - Mirakelspørsmål, rette blick fremover, tydeliggjøre drømmer/ ambisjoner, job-pics koffert
- Henvisning for samtaler på BUP der dette anses som nødvendig
- Foreldre tilbys foreldreveiledning for å kunne bistå eleven med å endre negative tankemønstre

#### 5. STRUKTUR OG FORUTSIGBARHEIT

- Eleven vet hva som forventes og alle voksne på skolen og hjemme er samkjørte i disse forventningene
- Samarbeidsmøter. Skolen kaller inn til faste samarbeidsmøter med alle involverte og avholder slike møter *fram til skolefraværet ikke lenger anses som alvorlig eller bekymringsfullt*. I vedvarende alvorlige fraværssaker bør skoleledelsen være representert i møter.
- Kontaktlærer etablerer systemer for å ivareta forutsigbarhet og struktur for elevens skoledag, slik at eleven opplever trygghet, forutsigbarhet og kontroll
- Faste møter mellom elev og lærer for å skape oversiktighet når det kommer til faglige prestasjoner, innleveringer og krav (struktureringstimer)
- Egen, tilpasset lekseplan
- Sørge for at foreldre har tilgang på samme informasjon som eleven (hva angår spesialavtaler om innleveringer, lekser, prøver osv.)
- Forberede og informere eleven om endringer i dagsrutiner, særlig på de dagene der det er endringer i den vanlige skolerutinen (for eksempel turdager, høytidsmarkeringer, osv.).
- Møte eleven i skolegården eller på avtalt sted for å følge ham/ henne til klasserommet
- Påse at eleven vet hvilke lærere hen skal ha i hvilke timer
- Utarbeide arbeidsavtaler mellom lærer og elev, hvor målet er at eleven til enhver tid skal vite hva som forventes av han/ henne i forhold til arbeidsoppgaver i timene
- Så langt som mulig å unngå uforutsigbare undervisningsopplegg
- Sørge for at alle lærere (og vikarer) er informert om avtaler som er inngått, slik at eleven eksempelvis unngår å bli stilt krav på områder der hen har avtale om fritak
- Eget sett med bøker tilgjengelig på skolen (for elever som strever med orden)

## 6. TILPASSING AV KRAV I SAMBAND MED EVALUERING OG ARBEIDSBYRDE

- Fokusere på fag som eleven mestrer og sørge for faglig tilrettelegging og støtte
- Sørge for oppgaver eleven har forutsetninger for å mestre
- Arbeide med individuelle målsetninger og vektlegge personlig utvikling, fremfor sammenlikning med andre
- Eleven får mulighet til selv å påvirke arbeidsmengde
- Permanente eller midlertidige fritak fra krav
- Fritak fra lekser, i en slik grad at man fortsatt oppnår grunnlag for karaktersetting
- «Åpen- bok-prøve»
- Muntlig prøve fremfor skriftlig
- Lengre tid til å gjennomføre prøver
- Prøve på eget rom sammen med voksen
- Forenklet prøve
- Gradvis tilvenning til vurdering
- Fjerning av enkelte evalueringssituasjoner i avgrenset periode
- Gi eleven mulighet til å påvirke frister for innleveringer, prøver, fremlegg
- Sette strek over fortid (anmerkninger, skulk fra prøver osv.) «Frisk start»
- Mulighet til å ta prøver/ levere innlevering på nytt for å forbedre karakter
- Mulighet for å få vurdert arbeid underveis for så å få karakter til slutt
- Mappevurdering
- Fritak fra fag (PPT)
- Gi eleven alternativer til å gå hjem fra skolen når hen kjenner trang til det. Eksempelvis kan eleven ta en pause fra undervisningen og sitte 20 minutter på biblioteket og koble av for så å komme tilbake til klassen

## 7. TILPASSING I SAMBAND MED SOSIAL EVALUERING

- Sørge for nøye gjennomtenkt inndeling av grupper ved gruppeoppgaver, slik at eleven kan delta i arbeidet på «sitt vis» og at det er forståelse for dette i gruppa
- Videopresentasjon
- Gradvis tilvenning til muntlig deltakelse gjennom øving i trygge situasjoner (1:1 eller liten gruppe)
- Fritak fra muntlig deltakelse i bestemte fag
- Fritak fra fremlegg foran kassen (fremlegg for lærer i stedet)
- Unngå stigmatiserende tiltak der eleven føler seg særlig utsatt blant medelever – avklare i samråd med eleven.
- Sørge for at eleven er forberedt og trygget, gjennom å gi detaljert informasjon om hva som skal skje i kroppsøvingstimer
- Legge til rette for at eleven kan testes i ulike øvelser kun foran lærer
- Erstatte kroppsøvingstimer med andre fysiske aktiviteter alene eller i liten gruppe. Eksempelvis å sykle, gå tur, eller trene på treningsstudio
- Mulighet for egentrening (etter plan lagt sammen med lærer) og loggføring i avgrenset periode
- Mulighet for å skifte i egen garderobe
- Fritak fra kroppsøvingstimene (PPT)

## 8. STYRKE VAKSENRELASJONAR

- Bli kjent med eleven. Legge opp til samtaler der man blir kjent med positive sider av eleven og styrer unna problematiske temaer. Skape kontakt og tillit.
- Vise eleven at hen er betydningsfull og at noe mangler når hen ikke er på skolen/ i klassen
- Faste samtaler med eleven og kontaktlærer (gjærne ukentlig og på fast tidspunkt)
- Fast person som tar imot eleven om morgenen
- Samtaler med helsesøster, rådgiver eller annen person
- Opprette kontakt med en person som eleven kan rapportere til ved begynnelsen eller slutten av skoledagen
- Gi mulighet til kommunikasjon med kontaktlærer i skriftlig form (mail, chat e.l.) dersom muntlig kommunikasjon er vanskelig
  
- SMS eller annen liknende kontakt mellom kontaktlærer og elev. Spesielt viktig i forbindelse med overganger etter ferier o.l.
- Dersom eleven er helt fraværende fra skolen, kan helsesøster, kontaktlærer eller annen lærer besøke eleven hjemme som et ledd i tilbakeføringsplanen
- Styrke andre viktige voksenrelasjoner, som for eksempel relasjon til slektninger, fotballtrener e.l. Disse voksenpersonene kan siden fungere som støttespillere inn i ansvarsgrupper eller samarbeidsmøter.
- Gjennom familieråd, finne fram til voksen person som har tid til og ønske om å tilbringe ekstra tid med eleven

## 9. STYRKE JAMNALDRINGSRELASJONAR

- Koble eleven til en medelev
- Plassere elev i grupper sammensatt kun av elever hen er trygg på
- Gjøre bevisste og uttalte valg hva angår elevens plassering i klasserommet, dvs. at eleven skal oppleve å bli sett, eleven kan plasseres med venner eller trygge medelever, osv.
- Sørge for at eleven har noen å gå sammen med til skolen
- Styrke elevens posisjon i klassen gjennom å legge opp til oppgaver og prosjekter der eleven har spesiell interesse/ kompetanse
- Dersom eleven er helt fraværende fra skolen; sørg for at eleven opprettholder positiv kontakt med medelever for å hindre sosial isolasjon. Dette kan gjøres ved for eksempel: brev fra klassen, besøk fra klassekamerater. Kontaktlærer kan også oppfordre klassen til å sende hyggelige tekstmeldinger og til å besøke eleven i fritiden
- Igangsetting av faste aktiviteter i friminuttene
- Styrke relasjoner i forbindelse med overganger. For eksempel faddergrupper i forbindelse med overgang til ungdomstrinnet.
- Samarbeide tett med klassekontakt og initiere foreldrestyrte aktiviteter også utenfor skoletid
- I noen tilfeller kan det være riktig å la eleven fortsette sosial kontakt på fritiden på dager vedkommende ikke har vært på skolen. Dette vurderes individuelt ved fare for sosial isolasjon.



## 10. STYRKE KLASSEMILJØ OG KULTUR

- Lage klasseregler for godt miljø og samspill
- Endre plassering i klasserommet
- Jobbe med at klassekulturen blir mer mestringsorientert enn prestasjonsorientert
- Sette inkludering og åpenhet på agendaen – arbeide holdningsskapende og holdningsendrende ved behov
- Sette av tid i «klassenes time» og bruke dette møtet til bevisst å jobbe med klassemiljø og planlegger positive sosiale aktiviteter
- Styrke klassemiljøet ved å benytte øvelser hentet fra klassisk «team-building»
- Holde oversikt over klassemiljø gjennom jevnlig undersøkelse – Speker:
- Lystbetonte og sosialt samlende aktiviteter i friminutt og midttid
- Fadderordning på 8. trinn
- «Velkomstdager» på 8. trinn
- Oppfordre foreldrekontakt og foresatte til å organisere sosiale aktiviteter utenom skolen. Med hensikt å styrke samhold og åpenhet både mellom elever og foresatte.

## 11. FORSTERKING

- Forsterkning gjennom tegnøkonomi eller liknende systemer. Dette er systemer der eleven samler poeng ved å følge konkrete punkter i en avtale. Forsterkningen knyttes til helt konkrete mål og et visst antall poeng utløser en premie. Eks; «Petter oppnår et poeng for hver dag han kommer presis på skolen» eller «Anna oppnår et poeng for hver dag hun deltar i alle timene og ikke avslutter før skoledagen er omme». Det må foreligge en tydelig avtale for hvor mange poeng man må «tjene» for å utløse gevinst. Belønningen kan med fordel avtales sammen med eleven. (Slike poengsystemer kan være mer aktuelt på barnetrinnet.)
- Arrangere lystbetont aktivitet for klassen/ liten gruppe (turer, filmfremvisning, «kosetime»)
- Positiv forsterkning gjennom aktiviteter på fritiden (aktiviteter med venner, familie). Dette gir familien mulighet til å fokusere på noe positivt og få gode opplevelser i perioder der skolefraværet skaper konflikt og uro i familien.
- Ut plassering i arbeidsliv på ønsket arbeidsplass, gjerne knyttet opp mot videre muligheter for utdanning (for eksempel innenfor yrkesfaglig utdanning)
- Mulighet for eleven til å påvirke undervisningsform, oppgaver eller andre skolerelaterte aktiviteter etter egne ønsker.

## 12. OVERGANGAR

- Gi eleven tilstrekkelig formasjon om hva som skal skje i kommende uke/ termin/ skoleår. Hva, hvem, hvor?
- Holde kontakt med eleven i overganger knyttet til ferier – særlig ved overgang fra sommerferie til start nytt trinn/ ny termin. Gjerne sende oppmuntrende SMS.
- Arrangere skolebesøk ved overgang mellom barne – og ungdomsskole & ungdomsskole og VGS (gruppebasert eller individuelt)
- Tilby eleven et møte i forkant av skolestart der hun/han sammen med den nye kontaktlæreren går på omvisning i skolebygget og forberedes på hva som vil skje de første dagene på ny skole
- Innkalle familien til oppstartsmøte uken før overgang til ny skole/ ny klasse. Foresatte og elev legger sammen med kontaktlærer og ledelse en individuelt tilpasset plan for å forebygge skolefravær
- Fadderordning på 1. trinn, 8. trinn
- Sørge for at sårbare elever med høyt fravær får tilstrekkelig tett oppfølging og veiledning i forbindelse med linjevalg og valg av VGS
- Kontakte OT i forbindelse med overgang til VGS - forebyggende

Utarbeidet av: Silje Hrafa Tjersland

## Kjelder

Berthelsen, Line, Tine Basse Fisker, Marie Falck Hansen, Helle Rabøl Hansen, Trude Havik, Gitte Lai Højmosse, Rani Hørlyck, Daniel Bach Johnsen, Lisbeth Lenchler-Hübertz, Johanne Jeppesen Lomholt, Janni Niclasen, Nanna Paarup, Gry Ravn Rønne, Marlene Stokholm, Signe Sørensen og Mikael Thastum (2019). *Skolens fraværende børn – årsager og indsatser*. Dafolo forlag.

Havik, Trude (2018). *Skolefravær – å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring*. Gyldendal akademisk.

Hernes, Gudmund (2010). *Gull av gråstein*. Tiltak for å redusere frafall i videregående opplæring. Fafo-rapport 2010:03.

Holden, Børge og Jan Ivar Sällman (2010). *Skolenekting – årsaker, kartlegging og behandling*. Kommuneforlaget.

Kearney, C.A. (2008a). *Helping School Refusing Children and Their Parents. A Guide for School-based Professionals*. New York: Oxford University Press.

Thambirajah, M.S., Grandison, K.J. and De-Hayes, L. (2008). *Understanding School Refusal. A Handbook for Professionals in Education, Health and Social Care*. London: Jessica Kingsley Publishers.

Ingul, Jo Magne (2014). "Anxiety and Social Phobia in Norwegian Adolescents: Studies of risk factors, school absenteeism and treatment effects" (doktorgradsavhandling), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Psykologisk institutt.

Ingul, Jo Magne (2016). *Ungdom og skolefravær - seminar om skolevegring og fravær*. Hva kjennetegner elever med høyt fravær sett ut fra norsk og internasjonal forskning.

Tjersland, Silje Hrafa (2021). *Hvordan møte elever med stort og bekymringsfullt fravær? – webinar*.

Inspirert av:

- Veileder for bekymringsfullt og alvorlig skolefravær, Frogn kommune
- Veileder for skolenærvær, Vollebekk skole i Oslo
- Veileder om nærvær og fravær i skolen, Færder kommune
- Veileder – Hver dag teller, Lom kommune.
- Skolevegringskonferanse Tromsø, mai 2022